



Hefre-elva i Heddal – et eksempel på hvor viktig vannkrafta var i det gamle bondesamfunnet

I varmaste håbalstida¹ og utover sommaren er Hefre-elva berre ein siklebekk å rekne. Men i flaumtider haust og vår går elva stor og stri nedetter dalsida, kvit-fossande og breddfull av energi. Nå i tida øydslar ho vasskrafta si så å seie til fånyttas. Slik var det ikkje før. Da gav ho drivkraft til heimeindustrien i stor monn, både til sagbruk, kvernhus og stampe², og til eit pukkverk som for lange tider sia heldt til oppe i Sollidgrenda.

Hefre-gardane, Hovdejord og Sør-Tveitan, låg lagleg inntil elva, og det var dei gardane som i størst grad gjorde seg nytte av vasskrafta. Sagbruket til Hefre var i bruk til fram i dei seinare år, og blei sistpå drive med turbin. Øvre Hovdejord hadde oppgangs-sag, den typen som avløyste handsaga i si tid. Sør-Tveitan og Hefre hadde sirkel-sager. Dei kom seinare. I flaumen om våren gjekk sagene, gjerne natt og dag, det galdt å nytte krafta med det varde. Denne årstida saga bøndene det dei meinte dei trong til husvyrke og forskjellig material utover sommaren og hausten. Kvar gard hadde sitt kvernhus i elva. Like ved kvernhuset til Hefre låg stampa. Den var det karane som skjønna best å handtere. Men dei trong hjelparar, ikkje minst når vadmålsbunten skulle strekkjast og leggjast på bøen til tørk. Hefre-stampa blei brukt både av folk frå grenda og andre. Ho låg lagleg til ved vatnet, det var lett å koma dit vassvegen. I Sollid låg gruva, og litt lenger nede i bakken var pukkverket som blei drive med vasskraft frå elva. Malmen blei truleg sendt til Skien til smelting.

Det har stilna kring elva no. Gruva er lagt ned for lang tid sia og stampa har slutta å slå. Sag og kvern blei for lite lønnsame. Men dei gamle tuftene kring i skogen er minnesmerke etter ei livlig og travel kvardag knytta til krafta som elva gav.

(Fritt etter en artikkel i Honnørposten i 2003 av Torbjørg Solberg (1918 – 2002). Hun var kulturjournalist i Telen og Varden.

1 Tida mellom slått og skurd.

2 Stampe eller stampemølle er en innretning som ved hjelp av vannkraft gjorde vadmelet og ullstoffet mykt.